



GPS-merkeprosjekt villrein  
Hardangervidda og Nordfjella  
v/Norsk villreinsenter Sør - sekretariat

Dykkar ref:  
Vår ref: Lena Romtveit  
Stad: Skinnarbu  
Dato: 15.01.18

Sjå adresseliste.

*Søknad om økonomisk støtte til GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021) for 2018:*

## **-FERDSEL-**

***GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella blei vidareført i ny form i 2016 og har hatt sitt fyrste heile driftsår i 2017. Prosjektet har fleire delprosjekt med eigne arbeidsgrupper; 1) Overvaking av Rv7, 2) Kraft og anlegg i Nordfjella, 3) Ferdslar på Hardangervidda, 4) Regional Plan og fokusområde og 5) CWD (sistnemnte er per i dag ikkje aktiv). Kvar av desse har eiga finansiering.***

***For 2018 søker prosjektleiinga med dette om totalt kr 1.345.000,-, fordelt på 3 ulike arbeidspakker, til vidare undersøkingar av ferdslen på Hardangervidda.***

I 2017 blei det for «arbeidsgruppe 3) Ferdslar» søkt om totalt kr 1.323.000,-. Saman med restmidlar frå mellom anna Villreinnemnda for Hardangervidda kom det inn meir enn omsøkt beløp; totalt ca. kr. 1.347.000,- (endeleg rekneskap blir sendt ut i årsmelding for prosjektet som kjem ved utgangen av februar). Årsaka til at det trongs såpass med midlar i 2017 er at ein la opp til ei omfattande kartlegging av ferdsla over heile vidda dette året, med bruk av teljarar og svarkasser. Både for å talfeste kor mange som brukar dei ulike stiane og innfallsportane på vidda, samt for å skaffe kunnskap om brukarane på desse turane. I tillegg blei det gjennomført vinterteljingar på stikka løyper og innsamling av sekundære data og litteraturstudie. Kostnadane for denne grunnleggande undersøkinga er høge, som følgje av store avstandar og eit høgt tal innfallsportar med mange stiar.

For å følgje opp dette arbeidet vil ein i 2018 legge opp til supplerande undersøkingar (langt færre teljarar og svarkasser) i dei områda der ein har fått for lite data eller eventuelt at data manglar som følgje av tekniske feil, eller feilteljing i lokalitet av ulike årsaker. Normalt ligg ein slik feilmargen på ca. 10%. Arbeidsgruppa vil også bli beden om å peike ut andre aktuelle lokalitetar ein ikkje har fått med til no. Desse vil bli prioritert etter ei samla vurdering av relevans for aktuelle forvaltingsprosessar; som arbeidet med besøksstrategi på Hardangervidda, rulleringa av regional plan på Hardangervidda, verdiskapingsprosjektet i regi av Buskerud fylkeskommune, arbeidet med oppgradering av nasjonal turistveg over Hardangervidda og revisjon av konsesjonar for vassdragsreguleringar.

***Dette arbeidet får ei kostnadsramme på kr 647.000,-, samt ein overhead for administrasjon og møteverksemd på ca. kr 100.000,-, totalt kr 747.000,-. Kostnadane ved dette søker ein fordelt på alle aktuelle kommunar, fylkeskommunar (inkl. handlingsprogrammet for regional plan), fylkesmenn, DNT og NVE (sjå tabell 1 lengre ned i teksten; der er totalsummen runda ned til kr 745.000,- med bakgrunn i fordeling. Sjå tabell 1).***

Desse supplerande undersøkingane, saman med dei grunnleggande undersøkingane som blei gjort i 2017 gjev oss viktig kunnskap om ferdsla rundt om på vidda generelt, samt at det gjev oss anledning til å kople data om menneskeleg ferdsel mot villreinens arealbruk i same område. Vidare gjev det oss anledning til å sjå nærare på korleis menneskeleg aktivitet og ferdsel relaterer seg til infrastruktur, anten det er tilrettelagt med turisthytter, eller infrastruktur som følger t.d. vassdragsreguleringar (anleggsvegar, regulerte vatn med båtutsett osv). Bruken av svarkasser, slik det no blir gjort i 2017 og 2018, gjev oss også eit unikt innblikk i kva brukarane i fjellet er der for og kva dei søker. Dette dannar eit spesielt godt grunnlag for forvaltninga av dei besøkande; tilrettelegging og marknadsføring eller skjerming, avbøtande tiltak og informasjon.

Ut over desse grunnleggande undersøkingane av den generelle ferdsla på vidda, vil ein i 2018 også legge opp til ytterlegare to arbeidspakker som er retta mot fokusområdet rundt Rv7:

- 1) Utvida kunnskap om ferdsla ut ifrå Rv7 (både sørover og nordover) sommarstid, med bruk av teljarar og svarkasser, samt registrering av stopp-plassar, stiar, tråkk og alle små og store innfallsportar til villrein fjellet frå Rv7. ***Dette blir eit FoU-prosjekt i samarbeid med Statens Vegvesen (SVV), Miljøseksjonen og Seksjon for Nasjonal Turistveg. Finansieringa søkast dekt av SVV (sjå tabell 1 lengre ned i teksten).***
- 2) Vinterregistreringar: Kunnskap om ferdsla ut ifrå Rv7 (i hovudsak sørover) vinterstid. Kunnskap om menneskeleg aktivitet og ferdsel vinterstid i områda rundt Rv7 er av stor tyding med tanke på tiltak for å auke reinens moglegheiter for trekk til vinterbeita nord for vegen. Her vil ein kombinere hyppige registreringar av tal parkerte bilar og aktivitet (som kiting, hundspann, skiløparar og skutertrafikk) ut frå og langs vegen (ved GPS-logging og tidfesting) med flyfotoregistreringar av tilsvarande aktivitet nokon av dei mest sentrale dagane på vinteren. Dette er viktig kunnskap for å kunne utarbeide ein heilskapleg besøksstrategi, tiltak i samband med nasjonal turistveg og rullering av regional plan for Hardangervidda. Dette vil me føreslå som ei arbeidspakke i samarbeid med ***Miljødirektoratet, Statens Vegvesen (SVV) Seksjon for Nasjonal Turistveg og Besøksstrategiarbeidet, og finansieringa søkast dekt av desse aktørane (sjå tabell 1 lengre ned i teksten).***

Prosjektskilddinga (frå 2017) opnar også for at det kan vera naudsynt med «djupdykk» i andre fokusområde på vidda, som i så fall vil trenge finansiering i tillegg til dei to studiane som er skissert her. Dette vil i så fall arbeidsgruppa måtte ta stilling til og ev. koma attende til for neste år.

Då ein i 2018 får ei anna fordeling av kostnadane, med noko mindre utgifter til generelle undersøkingar og eit meir spissa fokus i dei to nemnte arbeidspakkene, blir dei ulike beløpa ein søker kvar bidragsytar om noko justert, som vist i Tabell 1.

Det er også føreslege inn ein ny bidragsytar (NVE) på den generelle kartleggingsdelen, etter signal i møte for referansegruppa i desember 2017 (sjå vedlagte referat, samt tabell 1 i teksten under). Dermed er dette også med på å justere ned kostnadane hjå dei andre bidragsytarane så langt.

Ein vil likevel understreke tydinga av at alle framleis er med på spleiselaget med kvar sin skjerv, då dette gjer at alle får eit samla utbytte av prosjektet ein elles ikkje vil klare å oppnå (som t.d. at vinterkartleggingane må reduserast eller ev kuttast ut).

Prosjektleiinga vil også gjerne halde fram den særleg gode forankringa dette breidt ihopsette spleiselaget gjev oss rundt vidda. Det gjev både eigarskap og engasjement i arbeidet og ikkje minst ein viktig arena for alle aktørane å samhandle ut ifrå. Det er også med på å sikre at lokalkunnskap bidreg til å legge opp undersøkingane på mest tenleg vis.

Tabell 1: Forslag til kostnadsfordeling på dei ulike arbeidspakkene i Ferdelsprosjektet på Hardangervidda i 2018.

Arbeidspakke:	Bidragstytar:	Kr:	Kommentar:
Grunnpakke ferdsel 2018: Supplerande undersøkingar til arbeidet frå 2017, totalt (inkl overhead til administrasjon og møteutgifter) kr. 745.000,-.	Buskerud Fylkeskommune	90000,00	
	Telemark Fylkeskommune	90000,00	
	Hordaland Fylkeskommune	90000,00	
	Fylkesmannen i Buskerud	40000,00	
	Fylkesmannen i Hordaland	40000,00	
	Fylkesmannen i Telemark	40000,00	
	Hardangervidda villreinutval		Restmidlar?
	Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet		Restmidlar?
	Eidfjord kommune	15000,00	
	Ullensvang herad	15000,00	
	Ulvik Herad	15000,00	
	Odda kommune	15000,00	
	Vinje kommune	15000,00	
	Tinn kommune	15000,00	
	Nore- og Uvdal kommune	15000,00	
	Hol kommune	15000,00	
	Rollag kommune	10000,00	
	Den Norske Turistforening	25000,00	
NVE	200000,00		
<b>SUM:</b>		<b>745.000</b>	
<b>Vinterregistreringar:</b>			
	Besøksstrategiarbeidet	50.000	
	Miljødirektoratet	200.000	
	Statens vegvesen, Nasjonal Turistveg	50.000	
<b>SUM:</b>		<b>300.000</b>	
<b>Utvida kunnskap om ferdsel ut frå Rv7:</b>			
	Statens vegvesen, Miljøseksjonen	300.000	
<b>SUM:</b>		<b>300.000</b>	
<b>SUM TOTALT 2018:</b>		<b>1.345.000</b>	

Alle deltakarar i prosjektet vil innan utgangen av februar motta ei årsmelding som oppsummerer aktiviteten i prosjektet i 2017. I mellomtida viser undertekna til vedlagte referat frå referansegruppet på Geilo 12.12.17, som gjev eit lite innblikk i arbeidet så langt.

Prosjektleiinga ser fram til det vidare samarbeidet og bed om ei tilbakemelding på søknaden innan 1. mars.

Med helsing

Lena Romtveit  
Norsk villreinsenter Sør (sekretariat)  
[lena.romtveit@villrein.no](mailto:lena.romtveit@villrein.no)  
mob.: 415 15 616

**Adresseliste (sendt på e-post):**

- Miljødirektoratet v/Erik Lund ([erik.lund@miljodir.no](mailto:erik.lund@miljodir.no))
- Statens vegvesen, Miljøseksjonen, v/Håvard Hjermstad-Sollerud, Postboks 8142 Dep 0033 Oslo, ([havard.hjermstad-sollerud@vegvesen.no](mailto:havard.hjermstad-sollerud@vegvesen.no))
- Buskerud Fylkeskommune v/Ellen Korvald ([ellen.korvald@bfk.no](mailto:ellen.korvald@bfk.no))
- Hordaland Fylkeskommune, v/Snorre Waage ([snorre.waage@hfk.no](mailto:snorre.waage@hfk.no))
- Telemark Fylkeskommune, v/Geir Sørum ([geir.sorum@t-fk.no](mailto:geir.sorum@t-fk.no))
- Eidfjord kommune, v/Gunnar Elnan, Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord ([postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no))
- Hol kommune, Ålmannsvegen 8. 3576 Hol ([postmottak@hol.kommune.no](mailto:postmottak@hol.kommune.no))
- Rollag kommune, 3626 Rollag ([postmottak@rollag.kommune.no](mailto:postmottak@rollag.kommune.no))
- Hardangervidda villreinutval, v/Svein Erik Lund, 3630 Rødberg ([sel@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:sel@nore-og-uvdal.kommune.no))
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, v/Martine Hamnes, Sentrum 16, 3630 Rødberg ([martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no))
- Den Norske Turistforening Oslo og Omegn, v/Jan Erik Reiten ([jan.reiten@dntoslo.no](mailto:jan.reiten@dntoslo.no))
- Fylkesmannen i Telemark v/Peter Köller ([fmtepk@fylkesmannen.no](mailto:fmtepk@fylkesmannen.no))
- Fylkesmannen i Telemark v/Hans Bakke ([fmtehb@fylkesmannen.no](mailto:fmtehb@fylkesmannen.no))
- Statens vegvesen, v/Pål Rosland ([paal.rosland@vegvesen.no](mailto:paal.rosland@vegvesen.no))
- Fylkesmannen i Buskerud, v/Even Knutsen ([ek@fmbu.no](mailto:ek@fmbu.no))
- Fylkesmannen i Hordaland, v/Øistein Aasland ([fmhooaa@fylkesmannen.no](mailto:fmhooaa@fylkesmannen.no))
- Vinje kommune, v/Lasse Mathiesen ([lasse.mathiesen@vinje.kommune.no](mailto:lasse.mathiesen@vinje.kommune.no))
- Tinn kommune, v/Bjørn Bjørnsen ([bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no](mailto:bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no))
- Odda kommune v/Rolf Erling Loe ([Rolf.Loe@odda.kommune.no](mailto:Rolf.Loe@odda.kommune.no))
- Ullensvang Herad v/Rolf Erling Loe ([Rolf.Loe@odda.kommune.no](mailto:Rolf.Loe@odda.kommune.no))
- Ulvik Herad v/Lars Pæstiin ([lars.prestiin@ulvik.kommune.no](mailto:lars.prestiin@ulvik.kommune.no))
- Nore- og Uvdal kommune, v/Svein Erik Lund ([svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no))
- Norges vassdrags- og energidirektorat, v/Jan Henning L'Abèe-Lund ([lbl@nve.no](mailto:lbl@nve.no))
- Norges vassdrags- og energidirektorat, v/Frode B. Johansen ([fbj@nve.no](mailto:fbj@nve.no))

**Kopi sendt som e-post:**

- SNO, v/Knut Nylend ([knut.nylend@miljodir.no](mailto:knut.nylend@miljodir.no))
- SNO, v/Petter Bråten ([petter.braten@miljodir.no](mailto:petter.braten@miljodir.no))
- Villreinnemnda for Nordfjella, v/Siri Bøthun ([siri@sbnatur.no](mailto:siri@sbnatur.no))
- Nordfjella villreinutval, v/Sigmund Tveitehagen ([sigmund\\_tveitehagen@yahoo.no](mailto:sigmund_tveitehagen@yahoo.no))